
Fra: Fjetland Elin <elin.fjetland@vegvesen.no>
Sendt: torsdag 14. juni 2018 15.10
Til: Postmottak Radøy
Emne: Oppdatering veglister april 2018 - Radøy kommune
Vedlegg: Brev - Hordaland.pdf; Rettleiing og forklaringar til kommunar.pdf; 1260-Radøy - Oktober 2018.xlsx

Hei!

Tida er komen for ein gjennomgang av kommunalt vegnett når det gjelder endringar (bruksklasse (aksellast), vogntoglengde, nye vegar m.m.) til fylkes- og kommunal vegliste som kjem i oktober 2018. Vedlagt følgjer eit Excel-ark med opplysningar som ligg i NVDB (nasjonal vegdatabank). Ber om melding attende på Excel-arket viss endringar på vegnettet (vel Aktiver redigering for å endra).

Som nemnd i brevet er no fylkes- og kommunal vegliste splitta opp i tre forskjellige: «Normaltransport», «Spesialtransport» og «Tømmertransport». Det vil sei at endring av bruksklasse og vogntoglengde opp til 19,50 m gjeld for alle tre veglister (det er greitt om ein gjer endringar i ei av listene). Veggruppe må endrast i veglista for «Spesialtransport» og tømmer over 19,50 m vogntoglengde (24/60) i veglista for «Tømmertransport».

Er det vegar som kan tillatast for 12/65 Mobilkran og 12/100 vegnett skriv ein inn strekning/gatenamn i dei aktuelle listene (sjå kontaktperson for slikt vegnett i vedlagte brev).

Treng tid til samordning og oppdatering av NVDB, endringar bes derfor sendt Statens vegvesen ved elin.fjetland@vegvesen.no. **Absolutt siste frist: 3. september 2018.**

OBS! Ber om at det vert sendt ei tilbakemelding innan fristen sjølv om det ikkje er endringar.

Her er link til veglister og forskrift om bruk av køyretøy:

[Fylkes- og kommunale veglister Hordaland - April 2018](#) (veglister for normal, tømmer, spesial, 12/65 og 12/100 transport)

[Riksvegliste April 2018](#)

[Forskrift om bruk av køyretøy kap. 5](#)

Ta kontakt viss noko er uklart.

Med helsing
Elin Fjetland

Seksjon: Ferje- og forvaltningsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Bergelandsgata 30, STAVANGER
Telefon: +47 51911373 **Mobil:** +47 99268100 **e-post/Skype:** elin.fjetland@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?